

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/3242-1

Namn på tunnelar ved Holen og Vangberg på fv. 60 mellom Olden og Innvik

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye tunnelen på fv. 60 ved Vangberg får namnet Vangbergstunnelen
2. Eksisterande tunnel ved Vangberg får endra namnet til Gamle Vangbergstunnelen
3. Namn på Holentunnelen vert endra til Holetunnelen

Vedlegg:

Brev frå Statens vegvesen til Stadnamntenesta på Vestlandet datert 9. februar 2014

Brev frå Trongeråsa grunneigarlag 25. februar 2014

Brev frå Stadnamntenesta på Vestlandet 13. mars 2014

E-post frå ordføraren i Stryn 8. april 2014

Uttale frå Stryn kommune datert 29. april 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HS-sak 14/11 FV60 - Namn på to nye tunnelar

HS-sak 24/14 Namnsetjing av tunnel ved Agjeld på fv. 60 mellom Olden og Innvik

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Hovudutval for Samferdsle vedtok namn og skrivemåte for Holentunnelen på fylkesveg 60 mellom Olden og Innvik i HS-sak 14/11 22. mars 2011. Ved ein sakshandsamingsfeil fekk ikkje Stadnamntenesta på Vestlandet skrivemåten til uttale. I samband med at det er planlagt ny tunnel på strekninga Ugla – Skarstein, har Statens vegvesen bedt stadnamntenesta om uttale til skrivemåten for alle dei tre tunnelane mellom Olden og Innvik.

Holentunnelen

Namneval på tunnelen attmed Holen vart teke opp med Stryn kommune i 2010. Holen er namnet som er nytta på staden. I kartet er Årholen brukt, men dette er ikkje nytta i dagleg tale i Stryn. Etter tilråding frå kommunen vart Holentunnelen valt som namn på tunnelen (HS-sak 14/11). Tunnelen er opna og skilt er sett opp. Alle tekniske installasjonar er merka med namnet Holentunnelen ut frå tidlegare vedtak i hovudutvalet.

Stadnamntenesta meiner namnet på denne tunnelen bør skrivast Holetunellen. Dette fordi andre namn i området har skriveforma Hole-. Grunneigarane i området (Trongeråsa grunneigarlag) og Stryn kommune støttar denne skrivemåten.

Ny tunnel på strekninga Ugla - Skarstein

Vangbergstunnelen er brukt som namn på den korte tunnelen på eksisterande veg mellom Ugla og Skarstein. Denne vil bli liggande att etter at det er bygd ny tunnel under Vangberg. Ut frå dei lokale namna i området føreslo Statens vegvesen å få vurdert skrivemåten for tre alternative namn; *Geilantunnelen*, *Nevrehammartunnelen* og *Uglatunnelen*.

Stadnamnkonsulenten finn det mest tilrådeleg at tunnelen får namnet Nevrehammartunnelen, då den går under Nevrehammaren. Geilantunnelen er feil samansetningsform. Grunneigarlaget meiner tunnelen bør kallast Vangbergstunnelen, og at den gamle tunnelen bør få namnet Gamle Vangbergstunnelen. Stadnamntenesta rår i så fall til skrivemåten Vangbergs-, i samsvar med etablert skrivemåte for andre namn i området. Stryn kommune ynskjer at Vangbergstunnelen og Gamle Vangbergstunnelen vert nytta som namn på tunnelar på strekninga Ugla – Skarstein.



Historikk - tidlegare vedtak

I HS-sak 14/11 22. mars 2011 gjorde Hovudutval for samferdsle følgjande vedtak:

«Den nye tunnelen på Fv.60 ved Årholen får namnet *Holentunnelen*»

Sentrale problemstillingar

Stadnamntenesta på Vestlandet meiner Sogn og Fjordane bør ta i bruk skrivemåten *-tunnelen* for nye tunnelar i fylket, slik det er gjort i Hordaland. Hovudutval for samferdsle diskuterte dette i samband med handsaming av HS-sak 24/14 utan å ta tilrådinga til stadnamntenesta til følgje. Vi har difor lagt til grunn at vi held fast ved etablert skrivemåte *-tunnelen* i denne saka.

Andre opplysningar

Grunneigarane i området (Trongeråsa grunneigarlag) meiner det vil vera rett å kalle den nye tunnelen for Vangbergstunnelen, og endre namn på dagens tunnel til Gamle Vangbergstunnelen.

I følgje stadnamnlova § 5 er det fylkeskommunen som har vedtaksrett for namn på fylkeskommunale anlegg. Statens kartverk skal bli orientert om saka. Fylkeskommunen kan såleis oppretthalde tidlegare vedtak etter at aktuelle partar no har fått høve til å uttale seg.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Dersom namnet på Holentunnelen vert endra til Holetunnelen, vil vi få ein mindre kostnad med endring av merking og skilting. For Vangbergstunnelen vil ikkje vedtaket ha økonomisk konsekvens.

3. Konklusjon

Ut frå tilrådinga til Stadnamntenesta og uttale frå Stryn kommune, samt innspel frå grunneigarane i høve etablert skrivemåte i området, meiner Statens vegvesen at Holentunnelen bør endre namn til Holetunnelen, og at den nye tunnelen mellom Ugla og Skarstein får namnet Vangbergstunnelen. Dagens tunnel på strekninga får namnet Gamle Vangbergstunnelen. Denne blir ikkje skilta med namn.

Fylkesdirektøren har ikkje merknader til tilrådinga frå Statens vegvesen, og sluttar seg til denne.